

TALENTMØNSTRING KLASSISK MUSIKK, SOGN OG FJORDANE 2014

Omtale fra kandidatene selv

MARITA HOLME – klarinett

Eg er 22 år gammal og går mitt tredje år på Griegakademiet i Bergen. Før eg kom inn på Griegakademiet hadde eg gått på Gloppen Kulturskule i mange år med Geir Eikenæs og Elisabeth Røgeberg som lærarar. Seinare gikk eg på musikklinja på Firda VGS.

Etter tre år på musikklinja fekk eg tilbud om å jobbe som vikar på Gloppen Kulturskule i eitt år. Det var dette året eg fann ut at eg ville prøve å fortsette med musikken, og etter prøvespel fekk eg plass i Bergen.

I dei tre åra mine på Griegakademiet har eg fått jobba med veldig mykje flinke folk. Eg har vore på masterclass med blant anna Linda Merrick og Michael Collins, og har lærarar som Christian Stene og Håkon Nilsen (hovudinstrumentlæraren min).

Som yrkesveg vil eg vere mest muleg utøvande. Men sidan det er veldig få jobbar som utøvande muskar ser eg for meg ei blanding av å utøve musikk og undervise.

MAGNUS VANGSNES BJØRGO – tuba

Eg er 22 år og oppvaksen i Solund, Sogn og Fjordane. I dag går eg mitt tredje av fire år på studiet for utøvande muskarar ved Noregs Musikkhøgskule i Oslo. Har bakgrunn frå musikklinja på Firda Vidaregåande skule som på mange måtar har gjeve meg mykje av ballasten eg trong for å velge å satse fullt på musikk.

Eg har allereie komen eit stykke på veg, tykkjer eg sjølv, mot mitt endelege mål som er å kunne leve av å utøve musikk i eit profesjonelt ensemble. I dag er eg godkjend vikar i ensemble som Forsvarets Stabsmusikkorps, Den Kgl Norske Marines Musikkorps, Kringkastingsorkesteret og Den Norske Opera og Ballett.

Det å få komme heim til Sogn og Fjordane å få spele, då særskild på Sandane som betyr mykje for meg, er ei glede som eg ønskjer å få oppleve så ofte eg kan.

RAGNHILD SANNES – cello

Ragnhild Sannes (1988-) er fødd og oppvaksen i Naustdal. Ho starta å spele cello som åtteåring hos Henrik Silvferhielm og er no i ferd med å avslutte sin mastergrad i utøving ved Barratt Due Musikkinstitut. Med Bjørn Solum som lærar har ho vald å fordjupe seg i russisk musikk fra 1900-talet. Ved Barratt Due har ho vore fast gruppeleiar i Symfoniorkesteret og Kammerorkesteret dei siste fem åra, og spelar jamnleg med Oslo Camerata. Ho har også fått høve til å spele med Oslo Filharmoniske orkester, Operaorkesteret, og har delteke på internasjonale festivalar i Pilsen, Tsjekkia og Cambridge, England. I sin faste duo, Duo Cellistica, spelar ho omlag 60 konsertar i året. Ho har fått undervisning av m. a. Truls Mørk, Richard Aaron, Raphael Wallfisch, Gavriel Lipkind og Oleg Kogan. Ragnhild sitt største ønskje er å leve av musikken og ho drøymer

om å spele med nasjonale symfoniorkestre, halde egne konsertar og lage sitt eige undervisningsopplegg for born og unge.

MIRIAM BERGSET – fiolin

Fødd 17.01.89, oppvaksen i Nordfjardeid.

Byrja å spele fiolin i Kulturskulen i Eid som niåring, først med Tone Merethe Notøy som lærar, og etter 1 1/2 år med Olga Pavlova. Pendla til Bergen kvar mnd frå eg var 13 for å spele i Ung Symfoni, og vart som 15-åring teken opp i Unge Musikere ved Griegakademiet. Flytta til Bergen 17 år gammal for å ta to siste åra av VGS her, og vart då også medlem av Bergen Unge Kammerorkester. Vann i 2007 Duo-klassen i Ungdommens Musikkmeisterskap saman med pianist Christian Grøvlen, og fekk som følge av dette speleoppdrag under Nordlysfestivalen i Tromsø og i Ljubljana, Slovenia. Tok Bachelor i utøvande klassisk musikk ved NMH 2008-2012, med Harald Aadland og Detlef Hahn som lærarar. Medlem av Ensemble Allegria (vinnarar av Statoil talenstipend innan klassisk musikk 2012) frå 2009, og frå våren 2012 også styremedlem. Har delteke i Opera Nordfjord sitt operaorkester jamnleg sidan eg var 14, og i UKM utallige gonger (2 gonger i landsmønstringa). Solistoppdrag med Sogn og Fjordane Symfoniorkester, Universitetets Symfoniorkester i Bergen, Ung Symfoni og Bergen Unge Kammerorkester, og har motteke stipend frå m.a. Norsk Tipping/Norsk Kulturskuleråd, Sparebanken Vest/BFO, Asbjørn Valakers Minnefond, Tom Wilhelmsens stiftelse, Jansons Legat, samt Ungdommens Kulturpris for Eid Kommune. Tek no Master of Performance ved Royal College of Music i London med Detlef Hahn som lærar.

MARI ASKVIK – sang

Vegen dit eg er i dag

Eg heiter Mari Askvik og er 25 år gamal (f.09.11.88).

Frå eg var lita av har eg alltid likt song og musikk, og eg kjem frå ein musikalsk familie. Men interessen for akkurat klassisk song og opera dukka opp i overgangen ungdomsskule/videregående etter nokre år med klassisk songundervisning. Eg flytta heim frå som 15-åring for å kunne gå på musikklinja på Kongshaug Musikkgymnas. Eg søkte på Griegakademiet i Bergen i 2007 og kom inn på bachelor i klassisk song som 18-åring. Det kjendes allereie då ganske klart for meg at dette var det eg ville leve av. I 2009 vart det oppretta ein bachelorgrad i opera i samarbeid mellom Operahøgskolen i Oslo og Norges Musikkhøgskole. Eg reiste på audition og kom inn som 1 av 4. Etter endt bachelorgrad i opera ved Norges Musikkhøgskole og Operahøgskolen i Oslo kom eg rett inn på master i opera ved Operahøgskolen i Oslo.

Kva eg gjer no

Eg er no på mitt siste år her i Oslo, etter snart 6 år med songstudier totalt.

Operahøgskulen har bydd på dans, italiensk, tysk, fransk, teater, produksjoner, mental trening, operahistorie, meditasjon, coaching og songtimer. Dei krever at vi er klare til å prestere og eksperimentere kvar dag. Det har vore ei utruleg spanande tid. No gler eg meg til å bli kjend med realiteten.

I august var eg med som deltakar i Dronning Sonjas Internasjonale Musikkonkurranse som 1 av 4 nordmenn. I oktober debuterte eg på Den Norske Opera & Ballett som Shiri i

den nyskrevne operaen "Ad Undas – solaris korrigeret" av Øyvind Mæland. I mars skal eg tilbake til operaen og gjere Dorabella i "Cosi fan tutte" av Mozart. Dette er samarbeidsproduksjonar mellom DNO&B, Operahøgskolen i Oslo og Norges Musikkhøgskole.

I år reiser eg også mykje på auditions for stillinger for unge songarar ved operahus i m.a. Tyskland, Frankrike og Sveits - land der eg også kan lære meg relevante språk. Desse praktikantstillingane byr på små eller mellomstore roller på hovudscener, coaching og oppfølging, og ei månadsløn som dekkjer kost og losji.

Den 18. november prøvesyng eg for ei praktikantstilling i operaen her i Oslo. Den 21. november prøvesyng eg for ein stor samling agentar og representantar frå ulike europeiske operahus på ein audition i Riga, Latvia. I januar prøvesyng eg for det tyske statsagenturet ZAV sitt kontor i Berlin.

Yrkes/karriereveg

Eg ynskjer altså å leve som klassisk songar og operasongar. Allereie no har eg mitt enkeltmannsføretak som eg lever på som einaste inntekt ved sida av lånekassen. Eg syng kyrkjemusikk, gjer eventjobbar, gjer ulike typer konserter og trivs godt med variasjonen i frilanslivet. Dette er jo det fine med å ha operakompetansen – at eg kan søkje meg til faste utøvande stillinger, i alle land, men også jobbe som frilansar og bruke stemmen og kompetansen min på heilt andre måtar og stadig utvikle meg.

DAG HÅHEIM – gitar , som duo med Thomas Schoofs Melheim

Eg er 24 år og går for tida siste året av bachelorgraden på Griegakademiet og skal ta avsluttande eksamen til våren. Før dette gjekk eg sjølvstøtt på musikklinja på Sandane der eg studerte gitar med Øystein Eide. Etter det gjekk eg på Toneheim Folkehøgskule i Hamar. I fjor var eg utvekslingsstudent ved Universitæt Mozarteum i Salzburg, Austerrike og lærte veldig mykje der. Opptaka av de Visée og Boudounis laga eg som ein del av opptaksprøven dit.

Dei komande åra har eg tenkt å ta pedagogikk her ved Griegakademiet, og så fortsette med masterstudiar innan utøvande musikk.

THOMAS SCHOOFS MELHEIM – gitar, som duo med Dag håheim

Eg er ein ung mann på 22 år som for tida studerar ved Griegakademiet i Bergen, og er i mitt 3.år med hovudinstrument klassisk gitar. Her har eg professor Stein-Erik Olsen som lærar. Eg har tidlegare gått på musikklinja ved Firda vgs frå 2007-2010, med Øystein Eide som hovudinstrumentlærar. Elles er eg opptatt som kordirigent for tre kor her i Bergen.

ANDREAS LØKEN TAKLO – piano

Andreas Løken Taklo er fødd i Florø og vaks opp på Grov i Eikefjorden. Han byrja å spele piano då han var ni år, og interessa for spelinga og klassisk musikk vart berre større og større som åra gjekk. Då han var femten år fekk han Elena C. Sirnes, den gong busett i

Førde som lærar. Ho tok han med på pianokonkurransar i Russland og Italia. Andreas vann førstepris i Haarklou-konkurransen under Pianofestivalen i Førde, både i 2008 og -09. Ein konkurranse i München sommaren 2011 var stor suksess, og Andreas vann solistoppdrag i både Paris og München. Han har også spelt solokonsertar i heimlandet, mellom anna i Drøbak kirke, Griegakademiet, Barratt Due musikk institutt og i Florø kyrkje.

Andreas deltek ofte på kurs og festivalar rundt omkring i Europa. I 2011 vart han invitert til Sandviken Master Classes i Sverige og til Opus 11-festivalen i Århus.

No for tida studerer Andreas ved Barratt Due musikk institutt i Oslo og har jamnleg undervisning av Noregs beste pedagogar og pianistar. Han er ein aktiv kammermusikar, og har spelt på konsertar både på Munchmuseet og i operahuset i Bjørvika.